

+ KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 2 MAI 2011
36. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Rolv Eivind Monsen	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Prostiprest Rolf Eivind Monsen
Tlf: 40 46 55 74

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
John Hundhammer, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Kari Hauge
Hosanger: Lillian M. Kleppe
Hamre: Olaug Hartveit
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



Domine, quo vadis?

"Herre, kvar går du?" spør Peter som flyktar ut av Roma der dei kristne vert forfylgde. I eit syn møter han Jesus med krossen over skuldra gå motsett veg. "Eg skal til Roma for å bli krossfest på ny", svarar Jesus, og peikar ut retninga. For Peter blir dette synet avgjerande. Han snur tilbake og står fram der som kyrkja sin leiar. Ikkje lenge etter blir han sjølv teke til fange og krossfest for trua si.

Annibale Carracci er namnet på den italienske kunstmålaren som i 1602 måla dette synet slik vi ser det på framsida. Carracci er ein av dei viktigaste barokk-målarane i Italia, og typisk for han er å ta med bevegelse, gestikkulasjon og andletsuttrykk i biletta sine. Han var inspirert av Rafael og Michelangelo som var aktive om lag hundre år tidlegare. Vi ser ein atletisk Kristus-figur med sårmerke på foten som peikar mot Roma, og ein skremd Peter med nøklane i beltet. Som vanleg vert Peter her framstilt som ein eldre mann, med grått hår og skjegg. Biletet er laga i Roma, men heng no i National Gallery, London.

Denne forteljinga har inspirert mange kunstnarar. Ei historisk roman med tittelen "Quo Vadis" blei skriven i 1896 av Henryk Sienkiewicz. Han vann nobelprisen i litteratur for boka i 1905. Ein stor Hollywood-film med same tittel basert på den prisløna romanen vart lansert i 1951.

I Bibelen vil ein ikkje finna forteljinga direkte slik fortalt. Hendinga på via Appia som fører ut av Roma der Peter er på flukt høyrer til legendedestoffet om apostelen. Men sitatet "Domine, quo vadis" finn vi i Johannesevangeliet, kapittel 13, vers 36, der Jesus snakkar om at Peter kjem til å forneka han. På staden der ein meiner hendinga inntraff, er det reist ei lita kyrkje også.

Salmen "Med Jesus vil eg fara" tek på eit vis opp tematikken på det personlege planet. Vi feirer 175-års jubileum for fødselen til salmediktaren Elias Blix i år, og lenger ute i bladet kan du lesa litt om mannen og verket hans.

- **Kristoffer Foldøy**

Vårteikn

Andakt ved sokneprest Inge Sørheim

Våren fører med seg mange gode vårteikn. I prestebustaden, rett ovanfor soveromsvindaugen vårt, er eit stærpar som vanleg i gang med å bygge reiret sitt. Akkurat no flyr dei kvister på plass for å gjere alt klart for nytt liv. Nokre meiser har også funne seg hulrom til å bygge reiret sitt i. Om ikkje lenge kjem vil til å høre lyden av fugleungar som skrik etter mat. Våren er ei fantastisk tid, og for oss kjem våren tett på. I prestebustaden på Holme bur vi nær naturen, og gler oss over det.

Men eitt av dei sikraste vårteikna kjem vanlegvis innandørs, og mykje tidlegare. Det er når vi syng No livnar det i lundar for første gong. I år var eg med og song den alt i midten av februar. Det var på ei gravferd. Ute hadde ikkje vinteren slept taket, med den songen gav oss ei påminning om at våren ikkje er så langt unna. Eg syng denne salmen med ei god kjensle. For den har eit godt bodskap til oss: om våren som eit bilet på ein betre vår ein gong, i himmelen, der vi skal lova Herren vår. Salmen blir brukt nær sagt i alle høve: i gravferd, vigsel og konfirmasjon syng vi den ofte. Mange kan salmen utanåt, i alle fall dei to første og dei to siste versa. Elias Blix tok utgangspunkt i Romarbrevet 8,19 då han skreiv salmen: ”Alt som er skapt, lengtar og stundar etter at Guds born skal openberrast i herlegdom.” Dette avsnittet i Romarbrevet er eigentleg ganske dystert. Men Blix har i denne salmen snudd litt på det, og fått bodskapet om himmellengten til å bli like oppbyggande som vakker fuglesang kan vere.

Vi syng sjeldan vers 3 til 10. Men det skulle vi ha gjort oftare. Høgdepunktet i salmen er nemleg vers 7 til 10. Her ser vi pinsemotivet: Det er Den Heilage Ande som gjev vår i vår kyrkje: ”Då lauvast det i lier, då livnar det i lund,” står det i det 8. verset. Slik er Elias med denne salmen med på å gje oss ein himmel over livet, eit vårteikn i vårt kristnliv.

*No livnar det i lundar, no lauvast det i lid,
den heile skapning stundar no fram til sumars tid.*

*Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord,
og etter som eit under nytt liv av daude gror.*

*Guds kyrkja lysa skulde som høgt på berg ein stad,
med sumar utan kulde og utan solarglad.*

*Guds ord vel alltid lyser, den sol gjeng aldri ned:
det hus som Anden hyser, ligg stødt i ljós og fred.*

*Men stundom kom då kulde på Herrens kyrkjemark:
det var som Gud seg dulde, og burte var Guds ark.*

*Det var dei myrke dagar, Guds ord var fåhøyrd segn;
og hjarta frys og klagar, det saknar sol og regn.*

*So sende Gud sin Ande som dogg på turre jord;
då vakna liv i lande, då grødest vent Guds ord.*

*Då er det sæle tider for Kristi kyrkjegrunn;
då lauvast det i liden, då livnar det i lund.*

*Då ljósnar det i landet frå fjell og ned til fjord;
då losnar tungebandet, då kved Guds folk i kor.*

*Då skin det yver strender som sol ein sumarkveld:
då gløder kring i grender ein heilag altar-eld.*

*Du vår med ljose dagar, med lengting, liv og song!
Du spår at Gud oss lagar ein betre vår ein gong,*

*då me med vigsla tunga, med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunga skal lova Herren vår.*



JUBILEUM FOR ELIAS BLIX



24. februar i år var det 175 år sidan salmediktaren Elias Blix vart fødd på Våg i Gildeskål, Nordland fylke. Det er nokre ruvande salmetekstar som står att etter han. ”Gud signe vårt dyre fedreland” og ”No livnar det i lundar” er to velkjende eksempel.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Blix sine salmar er for oss ein del av grunnfjellet i den nynorske kulturarven. ”Gud signe vårt dyre fedreland” går under nemninga *Fedrelandssalmen* og rangerer slik som ein kyrkjeleg parallel til nasjonalsongen vår, ”Ja, vi elsker”.

Ja, kanskje også som ein nynorsk motpol til bokmålteksten av Bjørnson. Då ein i fjor sommar tok bort salmen som opning av NRK P1 om søndagsmorgonen, kom det så mange reaksjonar at leiinga i radiokanalen etter kort tid sette han inn att.

Teksten er skriven i 1890. Salmen blei raskt populær og ved unionsoppløysinga i 1905 vart han nytta ved fleire offisielle høve, som ved kongekroninga i Nidarosdomen.

Salmediktaren gjekk aktivt inn i si samtid. Frå ein oppvekst mellom fiskarbønder på Nordlandsstyken flytta han seg til det finare borgarskap i hovudstaden. Først utdanna han seg til lærar i Tromsø, og med lærarløna betalte han studiane vidare. Det var som lærarstudent han vart ivrig tilhengar av Ivar Aasen sitt

program for utvikling av eit eige norsk nasjonalSpråk, som seinare vart til det nynorske skriftspråket.

I 1868 var han med på å skipa nynorskforlaget Det norske samlaget. 30 år gammal tok han teologisk embeteksamen, og blei i 1879 professor i hebraisk ved universitetet i Oslo, eller Kristiania, som var namnet på hovudstaden vår den gongen. Han engasjerte seg også i politikken, og som medlem av partiet Venstre nådde han han heilt fram til ein ministerpost: Frå 1884 til 1888 var han kyrkjeminister i Johan Sverdrup si regjering. Det var i denne perioden at nynorsk og bokmål vart sidestilte som målformer. Vedtaket fra 1885 er framleis gjeldande.

Det var først i tida etter dette at han stod fram som salmediktar. Første gong han kom i bokform var i ei salmebok som kom ut i 1890 under tittelen *Kirkeklokken*. Her hadde Elias Blix med 30 nynorske salmar. To år seinare gav Blix sjølv ut salmeboka *Nokre salmar*, som berre hadde med eigenproduserte salmetekstar på nynorsk.

Sjølv om han hadde teologisk utdanning, kom han aldri til å praktisera som prest. Han hadde nok så mykje anna å ta seg til. Gjennom sitt arbeid med bibelomsetjing til nynorsk har han for fleire generasjonar lagt malen for korleis bibelsoga vart presentert på landsmål. I 1889 var heile Det nye testamentet klar for utgjeving. Det var omsett frå gresk og fekk tittelen *Det nye testamente. Umsett fraa den*

Greske Grunntekst paa norsk Folkemaal og utgjevet med Statskostnad av Det norske Samlaget.


Ei ny revidering vart gjort av Blix allereie ti år etterpå. Han fortsette omsetningsarbeidet av Salmane i Bibelen heilt til han døyde i 1902.

Og han må ha hatt stor påverknad når det gjeld innføring av nynorsk i kyrkja. Vi veit at på Osterøy nytta ein framleis riksmål heilt fram til 1920 i Hamre sokn, til dømes, så omlegginga kunne vera ein tung prosess. Mange prestar var motstandarar av nynorsken, dei nytta seg av andaktsbøker på dansk og kunne finna på å argumentera med at "Jesus snakka då ikkje nynorsk!"

Elias Blix blir sett på som ein konservativ teolog, men som politikar og målmann var han temmeleg radikal. Han var gift med den tretten år yngre Emma Hansen frå hovudstaden, og saman hadde dei ni born. Sju av desse levde opp. Mest kjend av borna vart nok Ragnvald Blix, fødd i 1882. Denne sonen gjekk heilt andre vegar enn faren. Han gjorde ei stor internasjonal karriere som politisk karikaturteiknar, og vart ein ihuga riksmålsmann!

I "Norsk salmebok" som vi nyttar i kyrkjene på Osterøy i dag er det med 51 salmetekstar han har skrive sjølv, og 20 som han har omsett. Blix er den salmediktaren som har med flest eigenproduserte tekstar i heile salmeboka.

Utanom det har han også skrive "Å, eg veit meg eit land, langt der oppe mot nord", eller "Barndomsminne frå Nordland", som er den rette tittelen. Eg hugsar at songen var ein gjengangar i Ønskekonserten på radio i



ELIAS BLIX
1836 - 1902

Den unge Blix.

min barndom, mest som ein populärmelodi. Skal ein peika på nokre særtrekk med Elias Blix si salmediktning, må det vera måten han har gjort den bibelske verda lokal og attkjenneleg på for oss her til lands. Gud er også Noregs gud, som passar på at "folket som brører saman bu". Han nyttar den norske naturen, våren som bryt fram, som bilet på dei gode kreftene som styrt av Gud sigrar.



Sølvbryllaup 19.juli 1896.

KOR PÅ TVERS

I "Kyrkjehelsing" før jul opplyste koret "Te Deum" om at dei gjerne ville ha med songarar frå heile Nordhordland i eit seminarkor leia av Per Oddvar Hildre. Fem ostringar melde seg på. Helgeseminaret vart avslutta med flott konsert i Johanneskyrkja i Bergen 3. april.

Tekst: Kristoffer Foldøy


Foto: Anne-Lise Nordpoll, "Strilen".

Seminarkoret, kledde i raudt og svart, telde til saman innpå 60 medlemmer. Dei fleste var nok heimehøyrande i Lindås og Mæland, men fire damer og ein mann kom frå Osterøy. "Te Deum", koret som tok opptakten til seminaret og administrerte prosjektet, har tilhald på Ostereidet. Med seg hadde dei også ein kvintett som akkompagnerte, Come Sunday, sett saman av piano, saksofon, gitar, el-bass og slagverk.

Repetoaret spende over fleire stilartar, og tekstane kom på norsk, engelsk, spansk og latin. Med musikkgruppa som akkompagnementørar til dei aller fleste innslaga, vart likevel lydbilete nokså einsarta og det flaut lett og greit mellom gospel, folketonar og salmar.

Saksofonisten Roald Kleiveland og pianisten Trond Fykse frå musikkgruppa var lekkert til stades med små soloinnslag og musikalsk krydder undervegs.

Dirigent og seminarleiar Per Oddvar Hildre er ein heil institusjon i seg sjølv. Som dirigent for koret "SKRUK" har han ansvar for fleire plateproduksjonar og konsertturnear. Om konsertprogrammet sa han at konserten vart akkurat så lang som dei nummer han rakk å øva inn under seminaret på Dyrkollbotn fjellstove.



Arrangementet hadde ein uformell, mest improvisert og samstundes høgtidssam tone. Midtveges i konserten engasjerte Hildre alle som sat i kyrkjebenkene, og det var fleire hundre, til å øva inn ein firstemt korsats saman med koret. Konserten vart avslutta med at alle song denne salmen, "Laudate omnes gentes", medan vi gjekk ut. "Syng så lenge du tør, ut av kyrkja og nedover trappa", sa Hildre til oss som skulle ut i bergensregnet.

NATTVERD – FEST OG PROBLEM

Tekst: Harald Grønnevik

For ein del kristne menneske er nattverden problematisk. Sikkert også her i bygdene. Grunnane kan vera mange. Det er historiske årsaker og personlege grunnar. Nokre kjenner seg ikkje verdige og ferdige til ei slik høgtidstund, eller ein kjenner kanskje på andre sin dom og vurdering. For ein del er store forsamlingar og rom problematiske. Litt alminneleg menneskefrykt har me vel og. Eller det er berre blitt ein vane å klara seg utan. Me treng ikkje ei fullstendig liste. Kvar veit sjølv kor problemet ligg.

Trevor Park, ein engelsk prest eg samarbeidde med for nokre år sidan, hadde den fordelen at han også kunne sjå kyrkjelivet vårt utanfrå. Han undra seg ofte over at medan dei aller fleste med glede og frimot bar ungane sine til dåpen, kjende mange det så vanskeleg å bruka nattverden. Og han oppmuntra sterkt til at fleire skulle ta den i bruk. Eg vil gjerne slå fylgle med han i det. Men eg vil i tillegg til oppmuntringa leggja til ein del forståing.

For det siste: Eg forstår dei mange grunnane til å bli sitjande i benken. Kyrkja har for ein del seg sjølv å takka for at det er blitt så vanskeleg. Åtvaringane mot å gå til nattverd på urett vis var ofte vel så sterke som den glade innbydinga til festbordet. Og kampen mot vanekristendommen lukkast, meir enn ein skulle ynskja. Slik har det seg, trur eg, at ein del truande, kristne menneske ikkje har fått seg til å bli med.

Til dei som av ulike grunnar synes nattverden er eit problem, vil eg først seja: Ver frimodige kristne. Kom til kyrkje og sit på plassen din. I fellesskapet rundt ordet og salmane og bønene gir Gud deg dei same gåvene som han gir oss i nattverden.


Og for det andre vil eg seja: Det er plass for deg ved Herrens bord. Det er eit festbord der me får koma heilt nær og sitja til bords i lag med han. Det er også ein god stad å koma for å leggja frå seg bører. Og det er eit heilt vidope bord for alle som søker han. Tenk over, ein gong til, om ikkje det også er din plass.

Dei seinare åra har det skjedd noko gledeleg rundt norske nattverdsbord. Borna kjem. Med ivrig utstreckte hender og forventningsfulle blikk tek dei imot. Og på det viset er dei med og fører festen tilbake til vår nattverdsfeiring. For ein fest er det. Den største festen!

Harald Grønnevik var tidlegare prest på Osterøy.

No er han tilsett som prest i Etne.

*Artikkelen er henta frå "Kyrkjeposten",
kyrkjebladet i Etne.*



KONFIRMANTAR OSTERØY 2011

01.05.2011 kl.11:00 Bruvik kyrkje

Jenter:

BORGE TONJE
MORK AMALIE KÅRVATN
OLSNES VERONIKA
VIKNE MARIE KATRIN

Gutar:

LONE EMIL-ANDRE HAUGE
SVÅSAND GEIR ANDRE HANSEN

01.05.2011 kl.11:00 Hosanger kyrkje

Jenter:

ARMJO BIANCA ROGNSØY
BERNES SUSANNE
HANSTVEDT ELISABETH RONGVED
HARTVEIT NATHALIE PEDERSEN
HELLE ANNA
KLEPPE MARTINE BJØRKHEIM
NIELSEN AMALIE
THOMASSEN RANDI
VEVLE JOSEFIN ANDERSDOTTER

Gutar:

BIRKELAND MARIUS ALEKSANDER
BRATLI ALEKSANDER
FIÆRESTAD NICOLAI
FORTHUN HÅVARD
LAVIK TORMOD
MARKUSSEN MARKUS VAARVIK
STIGEN CHRISTIAN SIGLEVIK
TYSSE KRISTIAN

08.05.2011 kl.10:00 Gjerstad kyrkje

Jenter:

FLESLAND INGEBORG
GRYTAAS ANNA
HAGEBØ NOOMI
LANGELAND TINA-MARIE STEINSLAND
MILDE EMMA
VEDÅ VERONICA
VÅRDAL INGEBORG

Gutar:

BORGE ØRJAN BAKKEN
KLEIVELAND TOBIAS
LONE ERLEND VEVLE
MJØS ÅDNE MARTIN
MOBAKKEN ODD-TRYGVE

08.05.2011 kl.12:00 Gjerstad kyrkje

Jenter:

MJELSTAD HANNA-MARIE GJØSÆTER
PRESTTUN KRISTIN
RØD SANDRA JEE
TEIGLAND MARIA BRUVIK
TYSSE IDA MARIE

Gutar:

BRUVIK DANIEL HANSEN
REIGSTAD MARTIN
RONGVED BJØRN SEBASTIAN SVENHEIM
SEILEN HALVARD
SOLBERG SANDER MIDTTUN
SVENHEIM MARTIN SÆVRE

08.05.2011 kl.11:00 Hamre kyrkje

Jenter:

BERENTSEN LINN-CHRISTINE ASKILDSEN
BLEIKLI ANNE-MARTE
BOGEVÅG LINN THERESE HOLAND
EGGEN FRIDA
HAGENES INGER-HELEN BØRTVEIT
HERADSTVEIT HANNE RIPPLE
KALLAND TONJE SKJELVIK
MOSTRØM HANNE VANDANA
NILSSEN MARI MOSTRØM
RAVNØY SILJE
SVANE MARIT
SVANE MARGRETE
SÆBØ CAMILLA TVEDT
TVEDT NATALIE BIRKELAND
VEVLE FRIDA
WIIK THELMA MARIA
WORREN EMILIE LOSNEGÅRD
ØKSNES REBEKKA HANSEN
AASHEIM KINE

Gutar:

JØRGENSEN ALEKSANDER BRAM SKJELFJORD
KÅSTAD SONDRÉ LOFTÅS
LARSEN MARIUS FLATÅS
RAKNES JONAS RUUD
REIGSTAD SIGURD BRAATHEN
SELLLEVOLD SIMEN
SØRÅS SIVERT UTHAUG
ØKSNES FREDRIK

08.05.2011 kl.12:00 Haus kyrkje

Jenter:

STEINSLAND ANNELEN

15.05.2011 kl.10:00 Haus kyrkje

Jenter:

BERNES MAREN SKÅR
LONE SOLVEIG RIVENES
MJELDE HANNA
MJELDE IDA HELEN FEIDJE
MYKING ANNA BØE
REIGSTAD CATHRINE TØMT
ROLLAND CHARLOTTE
STOKKE ANETTE
STOKKE KRISTIN

Gutar:

ASKELAND NILS MARTIN
FJELDSTAD EIRIK
MOSTRØM SIGURD TORP
ROLLAND TOMAS
ROLLAND SIMON

15.05.2011 kl.12:00 Haus kyrkje

Jenter:

BØE EMILIE HAUGE
BØRTVEIT KAROLINE GUNDERSEN
LITLAND SOFIE MJELDE
PETTERSEN HELLE CHRISTINA BORTNE
STEINSLAND CECILIE BRUVIK
TOKVAM BENEDICTE SKAHJEM
VATLE MALIN HELEN

Gutar:

BØE JONATHAN HETLEVIK
KALLAND KARSTEN HUNDHAMMER
LANGHELLE JOHANNES NONÅS
SKJERPING THOMAS
THUNESTVEDT ANDREAS
VATLE MARCUS RØSKELAND
VEVLE SONDRE

TIDLEGBAROKK I HAMRE KYRKJE

2. pinsedag kan du få mykje med deg om du tek vegen til Hamre. Klokka 11 startar dagsprogrammet med høgtidsgudsteneste. Etterpå vert det kyrkjepizza og kyrkjekaffi, og deretter kan du gå på konsert og få med deg omvising i kyrkja på kjøpet.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Foto: Musica Celines

Høgtidsgudstenesta vert ved Inge Sørheim, og Osterøy kyrkjekor deltek. Er veret lageleg, tek vi kyrkjekaffien i parken etter gudstenesta. Frå det gamle prestehuset sin kjellar vil det bli servert steinomnsbakt pizza. Og deretter, klokka 13.30, opnar kyrkja dørene att for eit konsertprogram som var det siste nye innafor orkestermusikk – då kyrkja var nybygd.

Vi skal få høyra italiensk musikk frå tida kring 1600 og framover, den eldste kallar vi gjerne tidleg barokk, medan vi også får høyra verk av Corelli og Vivaldi i høgbarokk-stil. Ensemblet som kjem til Hamre har base i Bergen, og vart stifta i 2005.

Dei har spesialisert seg på såkalla tidlegmusikk, og framfører europeisk kammermusikk frå 15 – 1700 talet. Instrumenta dei spelar på er blokkfløyte, violin, cello, cembalo og orgel. Violinist Dag Anders Eriksen er busett på Hjellvik og spelar til dagleg i Harmonien. Dei som såg Ole Bull – spelet på Valestrand i fjor, opplevde han som solist på violin der. No kjem han til Hamre saman med orkesteret Musica Celines, og skal spela musikk som var to hundre år gammal då Ole Bull vart fødd. Alle er velkomne til å høyra på, og etter konserten er det råd å vera med på ei omvising, alt på same billetten.

Komande konsertar:

**Hamre kyrkje 19. august kl. 19:
Orgelkonsert med Hayo Boerema fra Nederland.**

Hosanger kyrkje 25. september kl. 19:

**Konsert med "Bufaste tonar":
Håkon Høgemo, hardingfele, Judith Vestrheim,
song og Tom Karlsrud, trekkspel.**



Musica Celines, frå venstre: Bodil Erdal, cello. Dag Anders Eriksen, violin. Cecilie Haukedal-Johansen, blokkfløyte. Ricardo Odriozola, violin (han er ikkje med på Hamre-konserten) og Ines Maidre, orgel og cembalo.

I ONNABAKKJEN

Når eg kjenner etter - på kroppen - merkar eg godt at første ungdomstida mi snart er omme. Men i toppen er eg topp – som før. Det er berre desse to føtene mine som ynskjer å gå kvar sin veg - som før. Likevel står det ikkje verre til enn at eg framleis kan køyra bil, berre eg passar meg for nattemørker med regn og møtande billys. Hadde absolutt vore ei føremon om alle møtande bilar kunne ha kjørt utan lys, i alle fall når det er mørkt. Heldigvis skjer det meste av det eg er interessert i å vera med på ved høglys dag, slik som med kyrklege handlingar, bryllaup og gravferder t. d. Det er ei slik hending eg vil skriva om i dag.

Klokka er 13.00. Eg har nett sett meg ned i ein av benkene i Gjerstad kyrkje. Litt attanfor midten i kyrkjesskipet fann eg meg ein plass i ei elles etter kvart fullsett kyrkje. Freistar innleiingsvis å få orden på meg sjølv. Får plassert hatten i fanget og staven mellom knea. Paraplyen sette eg heldigvis frå meg ute i våpenhuset. Og så var det føtene då - som eg sjølvsagt var nøydd til å ta med meg inn - dei fann eg plass til på golvet tett fram mot varmerøyret som var plassert fram under nærmeste benk framfor meg. Så - etter å ha drege kammen gjennom håret, – endeleg kunne eg retta ryggen, lyfta hovudet og sjå meg ikring. No hadde eg fått folk med meg på benken - på båe sidene, slik at eg sjølv vart sitjande om lag i midten. Har alltid likt å vera midtpunkt, så dette lova bra, endå eg sjølvsagt burde ha gløymt meg sjølv ein dag som denne....

Og minnehøgtida gjekk sin gang. Eg koncentrerte meg no heilt og fullt om det, og om den gode kameraten min som eg i dag måtte seia farvel til. Alt gjekk godt - heilt til avslutningsseremonien nærma seg. Rett nok måtte eg skifta beinstilling no og då, strekkja føtene godt fram av og til og stø skorne mot varmrøyret. Det kjendest så lagleg å handsama beina på denne måten. Bra varmt kjendest det òg ut til å vera der ved varmrøyret. Men så – etter at eg hadde halde føtene på røyret ei stund og kjende trong til å skifta beinstilling att - der - der sat begge beina mine pinn fast!! Eg drog – litt forsiktig til å byrja med, for ikkje å vekkja oppsikt, men hardare og meir oppøst etter kvart. Men ikkje tale om å få laus korkje venstre- eller høgrefoten.

Til å byrja med forstod eg ingen ting. Først sveiv det meg om det var han som sat på venstre sida mi, som var ute med noko fanteri. Men etter di eg slik halvt visste kven han var, at han var frå Fotlandsrågen og av god familie, gav eg straks opp den tanken. Og etter di den krafta som held beina mine fast kom nedanfrå, frå golvet, fann eg òg ut at Vårherre knapt kunne ha noko med dette å gjera, det måtte då heller vera ein viss person av det motsette slaget som her var ute for å prøva seg. Ja, faktisk hadde eg kjent svilukt for ei lita stund sidan, så du skal berre sjå - !

Men etter å ha turka sveitten og ha roa meg ned litt, skjøna eg at her var det nok kyrkjetenaren som hadde vore altfor raus med å stima opp varmrøyret denne dagen, slik at dei tjukke rågummisolane på dei nye, flotte vinterskoene mine hadde smelta og bite seg grofast i røyret. Ja, just no kjende eg svilukta endå tydelegare.





Så hadde eg då berre ein ting å gjera: Å hala og dra. Og eg hala og drog, men fast sat dei, beina mine, like forherda. Det verste var at nett no starta avslutningsseremonien der framme i kyrkja, og alt folket reiste seg. - Kva skulle eg då gjera? Fötene mine sat fast så pass på skrå fram og inn under benken framfor, at eg berre kunne reisa meg halvегs opp - og med knebøy. Å böya kne i kyrka var vel for så vidt ikkje noko udana og ukjent fenomen, men eg merka straks at dette kjendest svært så ubehageleg for meg. Og kva ville dei seia og tru som sat bak meg og ved sida av meg og kanskje såg meg stå i ein slik merkeleg stilling? Om det ikkje alt hadde gått opp for dei at det skjedde underlege ting i nærmeste nabølaget, vart dei i alle fall gjort merksame då eg freista reisa meg og staven min ramla i golvet - slett ikkje lydkaust. Nei, dette var skandale, rett og slett. Tenk om eg vart sitlande att i kyrkja når alle dei andre gjekk ut! - Ta skorne av og gå ut i snøen og regnet i berre sokkane? Nei, slikt går ikkje for ein eldre, sindig mann.

Etter di jordfestingsseremonien gjekk for seg inne i kyrkja, tok dette si tid, og eg hadde det vondt både lekamleg og åndeleg der eg stod. Måtte til slutt berre setja meg ned og jobba vidare med mi eiga «jordfesting». Til dei som eventuelt såg meg no, kunne eg ha tenkt meg å seia som Martin Luther i Worms: «Her sit eg, eg kan ikkje anna!» - om eg ikkje hugsar ordlyden feil.

Etter så å ha gått laus med alt som fanst av musklar

i både bein og armar, lukkast det meg endeleg å få frigjort venstrefoten. Merkeleg med den venstrefoten min, korleis han alltid har vore den lagelegaste og den eg har lika best av dei to undersåttane mine. Verre med han til høgre. At han klora seg fast i det han ein gong hadde festa seg ved og trudd på, var vel ikkje anna å venta frå den sida. - Men endeleg – etter at eg hadde fått teke godt tak med båe hendene om skoen og gjort eit kjemperykk attover i stolen, der slepte han! Den augneblinken var visst den lukkelegaste eg har opplevd i ei kyrkje nokon gong, bortsett kanskje frå den dagen eg stod brudgom i Hamre-kyrkja for snart 60 år sidan.

Resten av historia er fort å fortelja. Då eg vakna frå marerittet og fekk reist meg heilt opp – til forandring - registrerte eg at dei aller fleste var gått ut, berre ei lita klynge personar litt lenger framme stod bøygð over ein mann som framleis sat på plassen sin. Å ja, tenkte eg - då er det ein til som har sett seg fast. I einskilde situasjoner er det jammen godt ikkje å vera heilt åleine om å vera midtpunkt, tenkte eg då, i det eg gjorde meg så liten og beskjeden som mogeleg der eg vandra ut or Gjerstad kyrkje.

- Agnar Hjellvik

P.S.

Staven fekk eg levert tilbake frå ein herre til venstre for meg – med ein smil. Hadde staven falle den andre vegen, til høgre, kven veit om eg hadde fått han att! - Mönsteret på solen under høgreskoen var stygt skamfare.

D.S.



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

MAI

**1. mai 2011 1. sundag etter påske: Joh 20,19-31
Jes 43,10-13 1. Kor 15,53-57**

Bruvik kl 11: Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl 11 : Konfirmasjon. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Torsdag 5. mai 2011

Haus kl 19: Samtalegudsteneste. Monsen.

**8. mai 2011, 2. sundag etter påske: Joh 10,11-16
Esek 34,11-16a 1. Pet 2,21b-25**

Gjerstad kl 10 og kl 12: Konfirmasjon. Monsen.
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl 11: Konfirmasjon. Sørheim.

14. mai 2011

Raknestunet kl 15: Sundagsskulegudsteneste. Sørheim.

**15. mai 2011, 3. sundag etter påske: Joh 16,16-22
Jes 43,16-19 Hebr 13,12-16**

Haus kl 10 og 12: Konfirmasjon. Monsen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**17. mai 2011, 17. mai (Grunnlovsdag): Luk 1,50-53
Sal 127,1-2 Fil 4,8-9**

Gjerstad kl 10: Festgudsteneste. Ragnar Waagbø.
Takkoffer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Hamre kl 10: Festgudsteneste. Dåp. Sørheim.
Takkoffer til Kirkens SOS.

Haus kl 12: Festgudsteneste. Ragnar Waagbø.
Takkoffer til nye kyrkjekestilar.

Hosanger kl 12: Festgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens bymisjon i Bergen

Bruvik kl 11: Festgudsteneste. Monsen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**22. mai 2011, 4. sundag etter påske: Joh 16,5-15
Esek 36,26-28 Jak 1,17-21**

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

29. mai 2011, 5. sundag etter påske: * Ef 3,14-21

Jer 29,11-14a Joh 16,23b-28

Gjerstad: Familiegudsteneste. Waagbø. Utdeling av bok til 6-åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

JUNI

Torsdag 2. juni 2011, Kristi himmelfartsdag:

Luk 24,46-53 Dan 7,13-14 Apg 2,32-36

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd. Fykse.

05. juni 2011, 6. sundag etter påske: Joh 15,26-16,4a

Hag 2,3-9 1. Pet 4,7-11

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Fykse. Takkoffer til Redd Barna

**12. juni 2011 Pinsedag: * Apg 2,1-11 Joh 14,23-29 1
1. Mos 11,1-9**

Haus kl 11: Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd.
Waagbø. Takkoffer til Haus sundagsskule og YA-klubben på Votlo.

Hosanger kl 11: Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd.
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

13. juni 2011 Andre pinsedag: Joh 3,16-21

Jes 44,2-6 Apg 10,42-48a

Hamre kl 11: Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Kirkens ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep. Osterøy kyrkjekor.

19. juni 2011 Treenighetssundag (1. s. e. pinse):

Joh 3,1-15 5. Mos 6,4-7 Rom 11,33-36

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Waagbø.
Takkoffer til KIA - Kristelig Interkulturelt Arbeid.

26. juni 2011 2. sundag etter pinse: Luk 16,19-31

5.Mos 15,7-8.10-11 1. Joh 3,13-18

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Waagbø.
Takkoffer til Bibelskulen Bildøy.

JULI

03. juli 2011 3. sundag etter pinse Luk 14,16-24

Jes 25,6-7 Åp 19,5-9

Bruvik kl 11 Høgmesse. Nattverd. Waagbø.

10. juli 2011 4.sundag etter pinse Luk 15,1-10 Mi

7,18-19 Ef 2,1-10

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Waagbø.

Hamre kl 19: Gudsteneste. Waagbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. juli 2011 5. sundag etter pinse Matt 7,1-5 1. Mos

4,8-15 Rom 14,7-13

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Waagbø.
Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

24. juli 2011 6. sundag etter pinse (Aposteldagen)

Luk 5,1-11 1. Mos 12,1-4a 1. Tim 1,12-17

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Waagbø. Takkoffer til KRIK.

29. juli 2011 Olavsdagen (Olsok) Luk 22,24-27

Sal 33,12-22 Ef 2,11-14

Gjerstad kl 19: Olsokgudsteneste.

31. juli 2011 7. sundag etter pinse * 5. Mos 30,11-16

Fil 3,3b-11 Matt 5,20-24[25-26]

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd.

Alle er hjarteleg velkommen til å leiga

KYRKJELYDSHUSET I HAUS

til barnedåp, konfirmasjon, runde dagar,
minnesamvær m.m

Ta kontakt med Osterøy kyrkjeleg fellesråd,

tlf: 56 19 22 80 eller

leiar i husstyret Nils Lygre

tlf: 97197809/56390161

Prisar m.m sjå www.osteroy.kyrkja.no

INNSAMLA MIDLAR, KONFIRMANTANE SIN FASTEAKSJON

Bruvik: 4173,50

Hosanger: Ca. 12 500,-

Gjerstad: Ca. 13 500,-

Hamre: Ca. 20 000,-

Haus: Ca. 11 000,-

Bossebærarar frå Haus i aksjon.

Foto: Madli Hannisdal



Slekters gang

Døypte:

Haus

03.04.11 Aron Halrynjø (Hamre sokn)

03.04.11 Linnea Skaftun

Gjerstad

20.03.11 Martine Nymark Olsen

20.03.11 Oliver Riple Eidsnes (Haus sokn)

Hamre

13.03.11 Frøya Mailèn Bølstad Stølsli (Gjerstad sokn)

13.03.11 Helena Lykke Ørbeck Nordpoll

13.03.11 Magnus Ørsal (Hagan)

Hosanger

06.03.11 Andrea Øvsthus

06.03.11 Iris Elida Bysheim Isvik

27.03.11 Emil Røsland

Vigde:

Gjerstad

12.03.11 Anita Rongved og Eivind Rasmussen (Busett Askøy)

Gravlagde:

Haus

15.03.11 Karen Johanna Løen (f.1917)

08.04.11 Grace Johannessen (f.1924) bisett

Gjerstad

25.03.11 Magne Revheim (f.1926)

01.04.11 Brigt Åsmund Eide (f.1940) bisett

07.04.11 Knut Birkeland (f.1921)

Hamre

04.03.11 Arne O. Skaar (f.1944) bisett

04.03.11 Lilly J. reigstad (f.1918)

10.03.11 Asbjørn Reigstad (f.1918)

11.03.11 Arne Helge Skår (f.1941)

12.04.11 Svanhild Hjellvik (f.1919)

Hosanger

17.03.11 Audhild Hanstvedt (f.1935)

18.03.11 Anna Tyssebotn (f.1913)

Hosanger Kyrkjeforeining

Hosanger Kyrkjeforeining arbeider for at kyrkja skal stå fram som ein triveleg og funksjonell stad å koma til.

Me har møta våre i peisestova på Hosangerheimen ein onsdag i månaden. Der driv me med ulike handarbeidsaktivitetar. Det er trivelege møte og me legg vinn på det sosiale. Me har fleire fellesprosjekt som alle kan ta del i. Produkta loddar me så ut på basar.

Sidan foreininga vart starta, har me mellom anna samla inn pengar til løpar i midtgongen i kyrkja, ulike kyrkjeketstilar, salmebøker, oppbevaringsskåp for altardukar m.m., beplantning på kyrkjegarden, grusing av gangvegar og ny vasspost. Siste året har me gitt pengar til opp-pussing av sakristiet.

Me vil gjerne ha fleire medlemer og ynskjer alle som har lyst velkomne til å vera med oss.

Denne hausten vert det foreining desse datoane: 24.august, 21.september, 19.oktober og 23. november.

Foreininga startar kl. 18.00.

Velkommen!

ANNONSAR

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!



Gamalt bilet fra Haus. Foto: Nordahl, Kalandseid. Utlån: Brita Rivenes.

LUKSUSPROBLEM

Til dette nummeret kom det inn så mykje stoff at det måtte gjerast eit visst prioriteteringsarbeid. Noko av det innkomne må stå på vent til neste utgåve av bladet. Det er flott at det kjem både nye og gamle bidragsytarar på banen og at bladet kan innehalda faktastoff, opplevingsforteljingar og artiklar til refleksjon. Send gjerne gode, relevante artiklar de kjem over andre stader, så tek eg kontakt med opphavskjelda. Det var Asbjørn Askeland på Valestrand som tipsa meg om Grønnevik – artikkelen, og Ruth Hauge som kom med Agnar Hjellvik sitt bidrag.

Neste nummer kjem ut like etter jonsok, og stoff som skal med må leverast **innan 10.juni**.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.

E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsolv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen

www.bunadogstakkastovo.no